



Årsmelding 2018

Hardanger Kunstlag

Styret i Hardanger Kunstlag 2018

Leiar og skrivar

Åsmund Aarvik

Nestleiar

Johild Mæland

Kasserar og ansvarleg for nettsida

Siri Kvalfoss

Styremedlem

Svein Nå og Kjell Erik Rud

Varamedlemer

Arnhild Bleie og Kari Nå

Revisor

Knut Steinar Bu

Årsmøtet 2018 vart halde på HardingART på Utne 14. mars 2018. På møtet vart Ullensvang kunstlag og Hardanger Kunstlag slått saman til eitt lag med namnet, Hardanger Kunstlag. Hardanger Kunstlag fekk og i gáve kunstverk frå Sparebanken Vest sitt bankbygg på Utne.

Hardanger Kunstlag hadde 4 styremøte i 2018 og det har vorte handsama 28 saker. Det var 41 medlemer i laget.

Fyrste arrangement 2018 var «Ich bin auch ein Berliner», Kunst og kulturdryss, 13. januar på HardingarT, Utne. Me stilte spørsmåla:

- Kva har dei med seg heim att av arbeid, erfaring og inspirasjon?
- Kva nytteverdi har Hardanger av å ha oppdaterte kunstnarar?

Det var godt frammøte av kunstnarar som hadde vore i Berlin, og av kommunepolitikarar. Me fekk ein brei og spennande presentasjon av kva opphalda i Berlin har bidrege med i arbeida til mange kunstnarar. Det vart og ein god samtale med politikarane om verdien av dette tilbodet.

14. april arrangerte Hardanger Kunstlag kunstnarsamtale med Leander Djønne på Hardanger folkemuseum, Utne. Leander Djønne viste filmen, Øyde til øyde, poetisk dokumentar med røter i Hardanger. Etterpå hadde han ein samtale med Åsmund Aarvik om arbeida sine.

30. august til 1. september vart ODDArT arrangert for andre gong. Denne kunsthelga har eit eige styre, og Hardanger kunstlag er eit av laga som står bak arrangementet. Johild Mæland og Svein Nå representerte Hardanger kunstlag i styret for ODDArT 2018.

Arrangementet vart godt gjennomført, med flotte utstillingar, gode seminar og workshops, varierte konserter, fleire kunstnarsamtalar og kunstguiding.

21. november presenterte Oddmund Hus boka si, Lofthusmålarane, på Hotel Ullensvang, Lofthus. Hardanger kunstlag var medarrangør og bidrog med marknadsføring og tilrettelegging av arrangementet.

8. desember opna Hardanger Kunstlag si juleutstilling på Nærbutikken, Grimo. Edyta Kinga Bryk spelte fiolin og Svein Nå stod for opninga. Seks lokale kunstnarar deltok på Utstillinga. Desse kunstnarane deltok på utstillinga: Greta Nordlund, Ragnhild Aarvik, Kristin Skintveit, Johann

Hartmann Sand, Felieke van der Leest og Anna Aakre Kråkevik.

Hardanger-Berlin - Kunstnarhusvære i Berlin der kunstnarar som bur i eller som kjem frå Hardanger kan søka om studieopphald. Hardanger Kunstlag har sidan 2016 vore ansvarleg for leigekontrakta og administrering av ordninga. Utgiftene vart i 2018 betalt av eit spleiselas som besto av: Alle kommunane i Hardanger, HardingarT Guesthouse, Harding Puls og Messen. I tillegg har Lærdal Næringsutvikling vore med. Dei har betalt for og disponert husværet i tre månader for kunstnarar frå Sogn.

Kunstnarane frå Hardanger som hadde opphold i 2018 var: Reidun Horvei, Inger Kristine Riber, Silje Solvi, Eli Raa Nilsen, Benedicte Maurseth, Ranveig Helen Lægreid, Aud Bækkelund, Randi Storaas, Jørn Kurt Bergo og Brit Aksnes.

Møte med Hardangerrådet

Kunstnarar som har vore i Berlin var med på møte i Hardangerrådet i Jondal 14. juni. Johild Mæland informerte om ordninga. Inger-Elisabeth Aarvik, Els Gelen, Arnhild Litlere viste biletar og fortalte om eigen kunstopplevelingar i Berlin og om kva utbytte dei har hatt av studiopphald i Berlin.

Kunstlaget sende i etterkant søknad til dei enkelte kommunane om å auke støtta til ordninga og om at tildelinga kunne gjelda for fem år for å gjera ordninga meir føreseieleg. Eidfjord og Kvam har vedtatt å støtta ordninga i fem år. Dei andre kommunane har lova å gi støtte i 2019, men har grunna kommunesamslåing ikkje kunne gi lovnad for dei neste åra.

Lofthus 26. mars 2019

Åsmund Aarvik
leilar